

# Reglement for Suldal ungdomsråd

## 1. Føremål

Suldal ungdomsråd skal arbeida for å skapa engasjement og leggja til rette for medverknad på tilhøve som vedkjem ungdomsmiljøet i kommunen.

Medlemmene i rådet skal vera mellom 8. klasse og 18 år.

## 2. Oppgaver

Ungdomsrådet skal:

- Vera eit talerøyr for, og ta opp saker som vedkjem ungdom. I forhold til saker ungdomsrådet ynskjer å fremja til politisk handsaming, kan ungdomsrådet ta kontakt med kommuneleiinga, anten områdesjef eller avdelingsleiar på det området saka gjeld, slik at saka kan drøftast.
- Vera høyringsinstans i politiske saker som vedkjem ungdom, og gje råd og innspel til kommuneadministrasjonen i saker som er av betydning for barn og unge. Det betyr at i høve til saker som gjeld barn og unge, som skal handsamast i utvala, formannskapet og kommunestyret, er saksansvarleg ansvarleg for at ungdomsrådet blir teke med på råd på eit så tidleg tidspunkt at rådet får eit reelt høve til å drøfte saka før den vert ferdigstilt.
- Ta avgjerd i saker der ungdomsrådet har fått mynde.
- Ta opp saker som engasjerer og som ungdom er oppteken av. Barn og unge kan på eige initiativ fremja saker som vedkjem barn og unge for ungdomsrådet, munnleg eller skriftleg. Ungdomsrådet drøftar saka og vedtek om saka skal takast vidare.
- Etter ynskje og innspel frå dei enkelte elevråda, drøfta og ta opp saker som har interesse for ei større gruppe barn og unge.
- Ungdomsrådet disponerer ein sum midlar til tiltak for barn og unge som rådet tildeler ut frå søknad, eller til tiltak for barn og unge i Suldal kommune som ungdomsrådet sjølv set i gong. Ungdomsrådet sjølv vedtek korleis midlane skal disponerast.

## 3. Oppnemning til rådet og samansetning

- Rådet skal ha 7 medlemmer som vert valde ved ungdomsskulane i Suldal og mellom suldalselevane ved Sauda vidaregåande skule, med 5 frå ungdomsskulen og 2 frå vidaregåande skule. Det skal vera minst ein representant frå kva ungdomsskule. Elevråda på skulane tek ansvar for val av representantar til ungdomsrådet på første elevrådsmøte kvart skuleår i samråd med elevrådskontakten.
- Medlemmene vert valde for 2 år og kan veljast igjen. Det skal haldast val seinast 15. september kvart år, og veljast slik at halve utvalet vert skifta ut ved kvart val.
- Alle ungdommar mellom 8. klasse og 18 år, som bur i kommunen, kan veljast.
- Rådet vel sjølv leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

#### **4. Møte**

- Det skal heldast minimum 4 møter i året, fordelt på vår og haust. Møteplan for neste skuleår skal setjast opp i siste møte om våren. Eller kan det kallast inn til møte når det er trong for det.
- Leiar, i samarbeid med den som fungerer som sekretær, kallar inn til møte og set opp saksliste.
- Innkalling skal sendast seinast 7 dagar før møte.
- Møta er opne, men berre medlemmer har tale-, forslags- og stemmerett.
- Saker vert avgjorte ved avstemming.

#### **5. Tilhøve til kommunen, sekretariat m.m**

- Kommunen held sekretær for rådet. Sekretæren skal gje rettleiing, vera kontaktperson til kommunen og hjelpa til med innkallingar og gjennomføring av møta. Vidare skal sekretæren syta for oppfylging og gjennomføringa av vedtak i ungdomsrådet.
- Det tenesteområdet som har sekretærfunksjonen for ungdomsrådet har også det overordna ansvaret for budsjett og rekneskap for ungdomsrådet.
- Ungdomsrådet kan komma med uttalar til saker som skal handsamast i hovudutvala, formannskap og kommunestyre.
- Ungdomsrådet har møte- og talerett i utvala, formannskapet og kommunestyret i saker som vedkjem barn og unge. Det betyr at representantar frå ungdomsrådet kan møta på vegne av rådet, g be om ordet og koma med synspunkt i saker som vedkjem barn og unge, etter først å ha varsla utvalslsleiar før møtet.
- Ordførar og representantar for administrasjonen i kommunen skal møta i rådet når rådet ser trong for det, og ber om det.

#### **6. Økonomi**

- Ungdomsrådet skal disponera ein pengesum kvart år. Denne summen skal delast i midlar til eiga drift, og midlar til bruk på tiltak for barn og unge. Kommunestyret sitt årlege budsjettvedtak avgjer storleiken på summen. Midlane skal nyttast til føremål som kjem ungdom til gode.
- Det kan søkjast midlar frå andre, evt. vilkår for dette må avklarast med sekretæren.

#### **7. Endring av reglement**

- Ungdomsrådet har rett til å uttala seg om forslag til endringar i reglementet, før kommunestyret gjer vedtak.